

Statsforvaltarens tilråding til
Miljødirektoratet om vern av skog for

Storås, Seljord kommune

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark,
oktober 2024

Innhold

1. FORSLAG.....	3
1.1 Heimelsgrunnlag	3
1.2 Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget	3
1.3 Andre interesser.....	5
1.4 Planstatus.....	5
2. SAKSHANDSAMING	5
2.1 Sakshandsamingsprosessar.....	5
2.2 Forholdet til utredningsinstruksen	5
2.3 Forvaltningsmynde	6
3. VIKTIGE ENDRINGAR UNDER BEHANDLINGA AV VERNEPLANEN	6
3.1 Avgrensing.....	6
3.2 Verneforskrifta	6
4. FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSAER	6
4.1 Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar	6
4.2 Forvaltningsmessige og budsjettmessige konsekvensar	7
4.3 Avveging skogvern – skogbruk.....	7
4.4 Forvaltningsmynde	7
5. Skildring av Storås med merknader	8
1. Storås, Seljord kommune.....	8

1. FORSLAG

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark tilrår vern av Storås naturreservat i medhald av naturmangfoldloven (lov om forvaltning av naturens mangfold). Storås er eit nytt naturreservat.

Tilrådinga omfattar 862 dekar nytt verneareal. Totalt skogareal er 826 dekar, og av dette er 406 dekar produktiv skog. Tala er gitt av NORSKOG og areal i UTM sone 33.

Området som blir foreslått verna, er:

1. Storås i Seljord kommune, Telemark fylke

1.1 Heimelsgrunnlag

Området blir foreslått vernet i medhald av naturmangfoldloven § 34 og § 62.

Området blir foreslått verna som naturreservat, jf. naturmangfoldloven § 37. Vilkåret for å kunne opprette eit naturreservat etter naturmangfoldloven § 37 er at arealet anten inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur, representerer ein bestemd naturtype, på annan måte har særleg betydning for biologisk mangfald, utgjer ein spesiell geologisk førekomst eller har særskilt naturvitskapleg verdi.

Naturreservata skal bidra til bevaringsmåla i naturmangfoldloven § 33, mellom anna bokstavane
a (variasjonsbreidda av naturtypar og landskap),
b (artar og genetisk mangfald),
c (trua natur og økologiske funksjonsområde for prioriterte artar).

Verneområda skal bidra til å oppfylle fleire nasjonale mål som:

- Eit representativt utval av norsk natur skal bevarast for kommande generasjonar.
- Økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester.
- Ingen trua artar og naturtyper skal utryddast, og utviklinga til truga og nær truga artar og naturtyper skal betras.

Oppretting av verneområda bidreg til å nå internasjonale mål og forpliktingar, m.a. nedfelte i konvensjonen for biologisk mangfald artikkel 8 om eit samanhengande verneområdenettverk, jf. òg naturmangfoldloven § 33 bokstav g.

Ved å verne desse naturområda mot ulike typar inngrep, gir verneområda også eit positivt bidrag til det nasjonale og internasjonale målet om å stanse tapet av naturmangfald, jf. naturmangfoldloven § 33 bokstav a, b og c.

Området vil bidra til å nå det nasjonale målet vedteke av Stortinget om 10 % vern av skog.

1.2 Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget

Det føreslegne verneområdet har viktige naturtypar og mange trua og nær trua artar.

Vern av området bidreg til å redusere dei negative effektane av klimaendringane, gjennom å sikre eit nettverk av viktige leveområde for naturmangfaldet i norske økosystem. Det føreslegne verneområdet har stor variasjon og rikt artsmangfald. Slike område er robuste mot endringar i klimaet og bidreg til langsiktig bevaring av artsmangfaldet og vidareføring av dei økosystemtjenester skogen gir. Vern av området vil bidra til langsiktig binding av karbon. Det meste av skogen i denne tilrådinga er gammal barskog, som ifølgje rapporten Skogvern som klimatiltak (NINA rapport 752) har det største karbonlageret per arealeining i levande biomasse. Etter figur 1 i den same rapporten kan den gjennomsnittlege karbonmengda i levande biomasse i skog som blir verna, blir estimert til å vere om lag 70 tonn karbon per hektar.

I denne verneplanen er verneverdiane for området mellom anna knytt til fem raudlista naturtypar som vil bidra til å fylle manglar i vernet, samtidig vil dei bidra til å bevare trua og nær trua artar.

Kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet i verneforslaget er innhenta frå:

Brynjulvsrud, J. G. 2021. Naturverdier for lokalitet Storås, registrert i forbindelse med prosjekt Frivilligvern 2020. NaRIN faktaark. BioFokus.

Dei viktigaste påverknadsfaktorane på verneverdiane i området som blir foreslått verna er primært hogst og vegbygging. Vern av det foreslåtte området skal gjennom føresegner om slike tiltak sikre areal med viktige vernekvalitetar og bidra til å sikre areal med viktige vernekvalitetar og bidra til dekning av viktige manglar i skogvernet. Området vil bidra til langsiktig og effektiv bevaring av trua naturtypar og levestad for at mange trua artar, og dermed redusere den samla belastninga på artar som har risiko for å døy ut.

Verneforskrifta opnar for at fleire pågåande aktivitetar kan førast vidare. Tiltak som isolert sett vurderast å ha lite å seie for verneformålet, kan i sum og over tid medverke til at verneverdiane ringast. For enkelte aktivitetar vil det derfor i tråd med prinsippa om samla belastning vere restriksjonar, slik at naturverdiane får eit auka vern. Dette er også i tråd med prinsippa om miljøforsvarlege teknikkar og lokalisering, og dessutan miljøringast betalar der det ut frå omsynet til verneverdiane er fastsette føresegner om mellom anna ferdsel og infrastrukturtiltak. Ut frå dagens kunnskap om artar og naturtypar i området vil dei aktivitetane som i samsvar med verneforskrifta kan førast vidare, med lita grad av sannsyn ha vesentleg negativ innverknad på desse artane, naturtypane og landskapselementa. Vernereglane tillèt likevel ikkje vesentlege inngrep i området.

Statsforvaltaren vurderer det slik at vernet med stor grad av sannsyn vil føre til ei positiv utvikling for artane og naturtypane, jf. naturmangfaldsloven §§ 4 og 5. Statsforvaltaren reknar at kunnskapsgrunnlaget er i tråd med kravet i naturmangfaldsloven § 8. Statsforvaltaren har ut frå ei føre-var-tilnærming i verneforslaget vektlagt moglegheita for fleire påverkingar av same slag, eller ein kombinasjon av fleire ulike påverknadsfaktorar (samla belastning). Det føreligg elles etter Statsforvaltarens oppfatning tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet, påverknadsfaktorar og effekten av vernet. Føre-var-prinsippet blir derfor ikkje tillagt ytterlegare vekt i denne saka.

For nærare beskriving av verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget, jf. naturmangfaldsloven kapittel II, blir det vist til omtalen av kvart enkelt verneområde i kapittel 6.

Dersom området ikkje blir verna, vil det vere andre sektorlovar som regulerer arealbruken framover og som skal vareta omsyna til biologisk mangfald.

1.3 Andre interesser

Kraft og energi:

Det går ein kraftline utanfor området i søraust. Etter oppstartsmeldinga har Statsforvaltaren auka sikringssona ut frå kraftlina, etter innspel frå Telemark Nett AS og NVE. I kommuneplanens arealdel i Seljord kommune ligg det ein omsynssone for høgspenningsanlegg knytt til denne kraftlinja. Vernegrensa følgjar no denne omsynssona. I kommuneplanens arealdel i Seljord kommune ligg det ei omsynssone for høgspenningsanlegg knytt til denne kraftlina.

Verneforslaget grensar til Åmotdalsåi som inngår i Sundbarmreguleringa. Sjå kapittel 5.1.

Det er ikkje registrert kraftpotensial (digitalt småkraftpotensial) i NVE sin kartinnsynsløysning.

Mineral

Det er i følgje DMF ikkje registrert mineralførekomstar innanfor Storås.

1.4 Planstatus

Arealet i dette verneforslaget er avsett som LNFR-område i Seljord sin arealplan.

2. SAKSHANDSAMING

2.1 Sakshandsamingsprosessar

Namn	Tilbod	Oppstart	Høyring
Storås	12.12.2019 og 02.06.2020	19.05.2023	04.07.2024

Begge tilbod om frivillig vern av skog kom inn frå private grunneigarar via NORSKOG.

2.2 Forholdet til utredningsinstruksen

Verneforslaget er utarbeidd i samsvar med Utredningsinstruksen. I kapittel 1 og 2 grunngjev ein for verneforslaget på overordna nivå og samanhengen med nasjonale og internasjonale mål om å ta vare på eit utval av norsk natur blir klargjort. Vidare blir omtalt kort kva som eventuelt skjer med verneverdiane viss vernet ikkje blir gjennomført og kva verkemiddel som eventuelt kan vere relevante. I kapittel 5 blir samfunnsnytta av verneforslaget vurderte på eit overordna nivå, saman med økonomiske og administrative konsekvensar. I kapittel 6 blir omtala og vurdere generelle kommentarar og konkrete merknader til verneforslag for Storås frå ulike partar, styresmakter og interessegrupper blir vurdere. Etter avvegingar mellom verneverdiane i området og andre samfunnsinteresser er det undervegs i verneprosessen gjort endringar i vernereglar og avgrensing for verneforslaget.

Gjennomføringa i samsvar med rundskriv T-2/15 om saksbehandlingsreglar ved områdevern etter naturmangfaldslova, forvaltningslova og utgreiingsinstruksen har medført inkluderande prosessar som sikrar ei vellykka gjennomføring.

Gjennom verneplanprosessen er det gjort ei avveging mellom verneinteresser og andre brukar- og samfunnsinteresser. Verneforslaget er også i størst mogleg grad tilpassa dei ulike brukarinteressene i området. Krava i naturmangfaldsloven § 14 er dermed oppfylt.

2.3 Forvaltningsmynde

Aktuelle kommunar skal gjennom høyringsprosessen gi tilbakemelding på om dei ønskjer å få tildelt forvaltningsmynde for nye verneområde i tråd med gjelda politikk på området. Forvaltningsmynde blir fastsett gjennom forskrifta når område blir vedteke vernet.

3. VIKTIGE ENDRINGAR UNDER BEHANDLINGA AV VERNEPLANEN

3.1 Avgrensing

Det er ikkje gjennomført endringar i avgrensinga for Storås etter høyring.

3.2 Verneforskrifta

Det er etter høyringa gjennomført mindre endringar i forslaget til verneforskrift. Det er i § 7 h lagt til løyve til motorferdsle i samband med beiting. I § 11 er det lagt til denne teksten:

«Miljødirektoratet kan delegerer styresmakta til kommunar som samtykker til det.»

4. FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVEN SAR

4.1 Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar

Området er i arealplanane til kommunane avsett til Landbruks-, natur-, friluft- og reindriftsområde (LNFR-område). Kartleggingar av naturverdiane i områda er gjennomførte som del av verneplanprosessen. I nokre tilfelle er eksisterande data brukte som utgangspunkt for vurdering av verneverdi. Bruksinteresser er klarlagde gjennom høyring av verneforslag og annan kontakt med partar saka vedkjem.

Vernet vil avgrense dei framtidige moglegheitene for m.a. skogbruk, jordbruk, mineralutvinning regulering av vassdrag, nedbygging og anna omdisponering frå natur til andre formål. Det er elles i verneplanprosessen lagt vekt på å komme andre interesser i møte gjennom avgrensing og forskriftsutforming.

Statsforvaltaren meiner at verneforslaget slik det no ligg føre har små negative konsekvensar. Samla sett vurderer Statsforvaltaren det slik at dei samfunnsøkonomiske konsekvensane av vernet vil vere positive på sikt. Forslaget vil sikre natur som har ei positiv samfunnsnytte, sjølv om denne ikkje kan verdsetjast. Forslaget vil samtidig bidra til oppfyljing av nasjonale og internasjonale forpliktingar om å vareta naturmangfaldet. Verneforslaga vil også sikre viktige område for friluftsliv.

4.2 Forvaltningsmessige og budsjettmessige konsekvensar

Dei største kostnadene som følgje av etableringa av verneområdet vil vere utgifter til forvaltning. Statsforvaltaren kan ikkje sjå at skjøtselstiltak eller restaurering av natur er særleg aktuelt i dette tilfellet.

4.3 Avveging skogvern – skogbruk

Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet fekk den 1. juli 2020 i oppdrag frå Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet å greie ut forvaltningstiltak knytt til skogvern og konsekvensar for avverknaden og bidraget skognæringa hadde til det grønne skiftet. I rapport M-2007-2021 har direktorata foreslått retningslinjer for avvegingar.

I oppdrag frå Klima- og miljødepartementet datert 8.11.2021 bad Klima- og miljødepartementet om at forslaget blir sett i verk, med nokre mindre justeringar. For privateigd skog skal forslaget setjast i verk for område der det blir motteke tilbod etter 1. februar 2022, og ved vern av offentleg eid grunn for område der det blir meldt oppstart frå og med same dato.

Storås som blir omfatta av denne verneplanen er tilboden for frivillig vern av grunneigar før 1. februar 2022. Området blir difor ikkje omfatta av oppdraget frå Klima- og miljødepartementet.

4.4 Forvaltningsmynde

Statsforvaltaren har i samband med høyringa ikkje fått stadfesta at Seljord kommune ønskjer å overta forvaltningsmynde for Storås.

Statsforvaltaren har i samband med høyringa ikkje fått stadfesta at Seljord kommune ønskjer å overta forvaltningsmynde for Storås. Statsforvaltaren sende 20.08.2024 ein e-post til Seljord kommune og bad om ei tilbakemelding på om dei ønskjer å overta forvaltningsmynde. Høyringsdokumentet for Storås blei sendt ut 04.07.2024 med frist for fråsegner 01.09.2024. Statsforvaltaren har ikkje motteke svar frå Seljord kommune under arbeidet med tilrådingsskjemaet, noko som kan ha å gjere med at saka må behandlast politisk. Viss Statsforvaltaren får svar frå kommunen etter at vi har oversendt tilrådinga til Miljødirektoratet, vil vi ettersende dette.

5. Skildring av Storås med merknader

1. Storås, Seljord kommune

Totalareal 862 dekar

Skogareal totalt 826 dekar

Produktiv skog 406 dekar

Desse tala er levert frå NORSKOG.

Faktaarket for tilbudsområdet Storås er skriva på bokmål frå kartleggarane sin side, og vi har ikkje endra dette til nynorsk. All tekst i dette kapitlet, utanom det vi har lagt til, er difor på bokmål.

Verneformål og særskilte verneverdier:

Føremålet med forskrifta er å ta vare eit område som inneheld trua, sjeldan og sårbar natur i form av rik open sørleg jordvassmyr, høgstaudegranskog, rasmark-almeskog, kalk- og lågurtfuruskog, samt innslag av rik gransumpskog. Området har særskild betydning for biologisk mangfald på grunn av gammal skog med mykje daut ved, samt sjeldne og trua artar av karplantar, sopp, mose og lav. Topografen i området er variert og omfatter koller, fater, bratte skrenter, slake lisider og enkelte stup med hovudsakelig nord- og østvendt eksponering. Høydespennet strekker seg fra 370-750 moh. Området befinner seg i mellomboreal sone (80%), men en del arealer kan imidlertid føres til sørboreal sone (20%). Området ligger i svakt oseanisk vegetasjonsseksjon.

Fattige vegetasjonstyper av type blåbær- og bærlyngvegetasjon dominerer innenfor avgrenset areal, men det forekommer også rike vegetasjonstyper som lynglågurt- og bærlyng-lågurtvegetasjon i mosaikk med fattigere typer. Flere steder forekommer friske høgstaude-/storbregnedrag, og øst for Rambergnuten er et areal med rik myrflate. Små arealer med intermediær myr- og sumpskogsmark forekommer også.

I lisidene mot Åmotsdalsåi dominerer en mosaikk med gradient fra bærlyng- til bærlyng-lågurtvegetasjon. Gran er det dominerende treslaget i friske og nordvendte partier mens furu dominerer på grunnlendte arealer og koller. I tillegg forekommer bjørk, rogn, selje og hegg i liten grad. Alm og spisslønn er stort sett konsentrert i kjerneområde 2. Impediment og lav bonitet dominerer i avgrenset areal men det forekommer et forholdsvis stort areal på drøyt 80 daa med høy bonitet sørøst i området.

Gammel og hogstmoden skog dominerer i området og dødvedrik grandominert skog opptar en stor andel av avgrenset areal, og en forholdsvis stor andel av skogkledt areal består av dødvedrik granskog med varierende grad av kontinuitet. Gamle individer av gran og skjørtegran er forholdsvis vanlig forekommende. På kollene dominerer fleraldret glissen furuskog. Det er tegn til historisk bruk i avgrenset areal, og stedvis plukkhogst av nyere dato, men i hovedsak er avgrenset areal lite preget av inngrep i nyere tid.

Det er avgrensa 6 kjerneområde innanfor området, som inkluderer gammal høgareliggende granskog, rasmark-almeskog, open intermediær- og rikmyr i låglandet, lågurtfuruskog, gammal låglandsgranskog. Fire av desse har fått verdi B, det vil si «viktig» og to område med verdi A, «svært viktig». Flere rødlistede naturtyper forekommer i området; høgstaudegranskog (NT), lågurtedellauvskog (VU), rik åpen sørleg jordvannsmyr (EN) og kalk- og lågurtfuruskog (VU). I tillegg er

rik gransumpskog (EN) registrert nordøst for Storås, men lokaliteten når ikke terskelnivå på størrelse for å bli avgrenset som naturtypelokalitet.

I avgrenset areal forekommer en del arealer med rike vegetasjonstyper med varierende tørkeutsatthet og dette gjenspeiles i en heterogen karplanteflora. I rike grunnlendte arealer forekommer arter som breiflangre, flekkgrisøre, vill-lin og taggbregne, mens i friskere rike partier opptrer arter som vårerteknapp, trollbær og myske. På rikmyr ble bl.a. myrstjernemose, brunmakkose og rosetormose påvist. Totalt ble 10 rødlistede arter (1 VU, 9 NT) påvist i området. Av rødlistede ansvarsarter finnes almekullsopp (NT). Det er et videre potensial for krevende arter knyttet til kontinuitetsbærende elementer i skog, samt for markboende sopp på lågurtmark med furu og gran.

I rapporten kjem det fram at det under kartlegginga blei registrert hakkespor etter tretåspett *Picoides tridactylus* som ikkje var oppført på raudlista (av 2015), men som er blitt oppført på Raudlista av 2021, med raudlistestatus NT. Det same gjeld for flekkgrisøre *Hypochaeris maculata* som har fått status som nær trua (NT).

Området oppnår middels mangeloppfyllelse på mangelnaturtyper som følge av over 100 daa gammel granskog, hvorav over 40 daa kan føres til sørboreal sone. Gammel granskog har middels udekket vernebehov i Telemark. Området oppnår middels mangeloppfyllelse på generelle mangler som følge av over 100 daa lavlandsskog, og over 100 daa biologisk gammel skog i mellomboreal sone. Området oppnår samlet middels mangeloppfyllelse.

Området dekker også inn manglar av naturtypar knytt til andre naturtypar enn i skog, ved at området inneheld rikmyr i låglandet. Verneforslaget Storås blir samla sett vurdert å være i øvre sjiktet av regionalt verneverdig (**).

Storås blir liggjande forholdsvis isolera i forhold til næraste verneområder slik at det økologiske nettverket i praksis ikkje finst. Statsforvaltaren har fått fleire tilbod dei seinare åra som truleg bidreg til at dette endrar seg på sikt.

Inngrepsstatus og andre interesser:

Det er nokre stiar, traktorveggar og ei traktorslepe innanfor området. Elles er det ingen kjende tekniske inngrep. Det er teke ut eit mindre areal (5-6 daa) aust for Hengegjuv (traktorslepe og restar av ei koie) før høyringa.

Samandrag av høyringsfråsegnene:

Verneplanen blei sendt på høyring saman med fire andre område i Telemark. Nedanfor er det lista opp mottakarar for alle desse fem områda. Mottakarlista omfattar grunneigarar i Storås (ikkje med her), og lokale, regionale og sentrale lag, foreiningar, organisasjonar og etatar. Følgjande mottakarar har motteke høyringa:

Telemark fylkeskomme, Seljord kommune, Naturvernforbundet i Vest-Telemark, Bø turlag, Bø løypelag v/ Thorkildsen, Gvarv turlag, Midt-Telemark sopp- og nyttevekstforening, Bø Orienteringslag, Bø skogeierlag, Bø klatreklubb, Sauherad jeger- og fiskeforening, Seljord skogeigarlag, Seljord turlag, Seljord jakt- og fiskelag, Sundsbarm Kraftverk DA, Kviteseid Jeger- og Fiskerforening, Kviteseid løypelag, Kviteseid turlag, Kviteseid skogeierlag, Forum for natur og friluftsliv i Telemark, Naturvernforbundet i Telemark, NJFF Telemark, Birdlife Telemark, Birdlife Indre

Telemark v/Kjell Bitustøyl, DNT Telemark, Vestfold og Telemark orienteringskrets, Skagerak Energi AS, Skagerak Kraft AS, Vest-Telemark Kraftlag AS, Øst-Telemarkens Brukseierforening, Telemark Nett AS, Føre AS, Midt-Telemark Energi AS, DE Nett AS, Akershus Energi Vannkraft AS, Lede AS, Telemark Bonde- og Småbrukarlag, Vest-Telemark Bonde- og Småbrukarlag, Telemark Bondelag, Telemark Botaniske Foreining, Telemark Sau og Geit, AVINOR AS, Bane NOR SF, Den Norske Turistforening, Direktoratet for mineralforvaltning, Forsvarsbygg, Friluftsrådernes Landsforbund, Institutt for biovitenskap, Universitetet i Oslo, Kommunenes sentralforbund, Landbruksdirektoratet, Luftfartstilsynet, Natur og Ungdom, Norges Naturvernforbund, NHO Reiseliv, Norges Bondelag, Norges Geologiske Undersøkelse, Norges Handikapforbund, Norges Idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Norges Luftsportforbund, Norges miljø- og biovitenskapelige universitet, Norges Miljøvernforbund, Norges Orienteringsforbund, Norges vassdrags- og energidirektorat, Norsk Biologforening, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norsk Botanisk Foreining, Norsk Friluftsliv, Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO), Stiftelsen Norsk institutt for naturforskning, Norsk Organisasjon for terrengsykling, Norsk Orkideforening, Birdlife Norge, Norsk Sau og Geit, Norsk Zoologisk Foreining, NSB hovedadm., NTNU, Fakultetet for naturvitenskap og teknologi, NTNU, Ringve botaniske have, NTNU, Vitenskapsmuseet, SABIMA, Statens Kartverk, Statkraft SF, Statnett SF, Språkrådet, Universitetets naturhistoriske museer og botanisk hage, Vegdirektoratet, Stiftelsen WWF Verdens naturfond.

Det har kome inn 9 høringsfråsegner til verneforslaget. Vi har tatt med fråsegner til oppstartsmeldinga når vedkommande instans berre har kome med uttale til den (Forsvarsbygg, Statkraft Energi AS og Landbruksdirektoratet).

Språkrådet kom med uttale til høyringa, men har ikkje merknader.

Lede AS uttalar at dei ikkje har områdekonsesjon i Seljord kommune og ber difor SFVT om å kontakte gjelende områdekonsesjonær, Telemark Nett AS, for uttale. Lede har ikkje anlegg som er etablert etter anleggskonsesjon innanfor kommunen. Det føreligg ingen planar om utvikling av regionalnettanlegg nær ved det føreslegne verneområdet.

Bane NOR uttalar at dei har vurdert verneplanen og har ingen merknadar.

Norges Geologiske Undersøkelse har kome med uttale til den felles høyringa for fleire område, men ikkje gitt uttale til Storås.

Statnett har kome med uttale til høyringa og seier at dei ikkje har merknadar til verneforslaget.

Forum for natur og friluftsliv Telemark har kome med ein generell uttale til den felles høyringa, der dei ikkje har gitt konkret uttale til det einskilde område som var på høyring.

Direktoratet for mineralforvaltning seier at dei ikkje hadde merknadar til melding om oppstart av verneplanprosess for Storås naturreservat. Det har ikkje kome til nye registreringar av mineralske ressursar eller bergrettar i området sidan dette. DMF har ikkje merknadar til høyringa av verneplan for Storås. DMF seier i fråsegna si at dei har kontakta NGU, jamfør ovanstående.

Norges energi- og vassdragsdirektorat uttalar at det utanfor det føreslegne verneområdet Storås finst det eit nettanlegg drifta av Telemark Nett AS som også er områdekonsesjonær. Vidare seier dei følgjande:

«Etter innspill fra Telemark Nett AS har statsforvalteren inkludert bestemmelser som gir generelt unntak for drift, vedlikehold og istandsetting i forbindelse med akutt utfall i §4 og motorferdsel i forbindelse med akutt utfall i §6. Telemark Nett ber om å åpne for å felle trær som kan treffe linja i en sone på 50 meter fra nettlinja. Statsforvalteren nevner at det må søkes om det. Etter NVEs oppfatning er det gjeldende praksis at felling av enkelte trær og mindre flater langs kraftledningstraseen i verneområdet faller under §4 (se kapittel 8.2 generelle merknader fra Klima- og miljødepartementet i Kongelig resolusjon av 21.6.24 for fastsettelse av forskrifter om vern av 27 skogområder). NVE ber også statsforvalteren i samråd med Telemark Nett AS om å vurdere om det er behov for dispensasjon for motorferdsel i forbindelse med ordinær drift og vedlikehold i §7. Videre ber vi om å vurdere om oppgraderingen av linja kan komme i konflikt med verneforslaget, ved for eksempel utvidelse av ryddesone eller parallell trasé. For nettlinjer som grenser, men ligger utenfor verneområdet vil ikke standardbestemmelser knyttet til oppgradering og fornyelse bli inkludert i verneforskriften med mindre netteieren ber om det. Vi ber Telemark Nett AS om å uttale seg om behovet.»

NVE uttalar seg og om Sundsbarmreguleringa:

Skagerak Kraft AS informerer om at Åmotdalsåi inngår i Sundsbarmreguleringa. Statsforvalter har flyttet vernegrensen slik at den følger elvebredden. Når verneområde omfatter eller grenser med regulerte vassdrag er bestemmelsene om rydding i forbindelse med flomsikring standard i konsesjonsvilkår. Rydding kan kreve tiltak og tilgang i verneområdet. NVE ber derfor om å inkludere bestemmelser for rydding i verneforskriften slik som det er gjort i § 4j, 6h og 7 r, t i forskrift om vern av Dokkajuvet naturreservat, Nordre Land kommune <https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2021-03-19-793>.»

Forsvarsbygg kom ikkje med høyringsuttale til Storås, men ga uttale til oppstartsmeldinga. Forsvarsbygg ga uttrykk for at dei ikkje så nokon konfliktar med verneforslaget, og bad om at det blei teke naudsynte unnatak for militær operativ verksemd. Forsvarsbygg bad vidare om at det særskilte unnataket for avgang og landing med Forsvaret sine luftfartøy blei teke med i forskrifta, for å ivareta omsynet til militær luftoperativ verksemd. Forsvarsbygg har ingen ytterlegare merknader til verneforslaget.

Statkraft Energi AS kom ikkje med uttale til høyringa, men kom med uttale til oppstartsmeldinga. Der støttar dei NVE sin uttale på vegne av dei (eigentleg for utviding av Brokefjell naturreservat som var på høyring saman med Storås) og vil minne om at det i føresegnene blir tatt inn at dei som regulant har lov til å drifte/vedlikehalde og ta seg inn til reguleringsområdet med motorisert ferdsle. Dei må og ha moglegheit til å drive med skogrydding dersom det er naudsynt.

Landbruksdirektoratet har ikkje kome med innspel til høyringa, men har kome med innspel til oppstartsmeldinga. Dei har kome med nokre generelle innspel som gjeld traktorvegar og ferdselsvegar, og merking og rydding av slike, stølar/seterområde, beiting og reindrift. Landbruksdirektoratet skriv vidare at dei går ut frå at Statsforvaltarens landbruks- og reindriftsfagleg kompetanse blir involvera i utforming av forskrift og verneplan.

Statsforvaltaren har før høyringa hatt kontakt med Telemark Nett AS i samband med kraftlina som ligg straks utanfor verneområdet i søraust. Dei har informera om at høgspentlina som gjeng i grensa mot planlagt verneplan, har ei 10 meter ryddebredde. I tillegg seier dei at dei har/må ha lov til å felle

alle tre som kan treffe høgspenninglina. Dvs. at dei treng ei sone på 50 meter ifrå linja der Telemark Nett ikkje blir hindra av verneplanen.

Statsforvaltarens kommentarar:

Når det gjeld innspel frå Lede AS i samband med høyringa, som oppmoda Statsforvaltaren om å ta kontakt med Telemark Nett AS så har Statsforvaltaren allereie vore i kontakt med Telemark Nett AS på det tidspunktet, jf. kommentarar til Telemark Nett AS sitt innspel.

Når det gjeld NVE og Telemark Nett AS sine innspel om at dei treng ei ryddesone på 50 meter frå lina så har Statsforvaltaren under verneprosessen lagt vernegrensa 15 meter frå kraftlina medan den konsesjonsbelagte sona er 10 meter. Statsforvaltaren forstår at det er behov for ein ryddesone i samband med at det truleg er meir ekstremvær som kan skape problem med trær som kan falle ned på kraftlina. Statsforvaltaren meiner at § 4 bokstav k med formuleringa «fare for akutt utfall» dekkjer opp det behovet dei har for rydding utanfor ein sone på 15 meter. Vernegrensa er endra slik at grensa no ligg utanfor og langs omsynssona for høgspenningsanlegg. Med ein ryddesone på 50 meter frå kraftlina ville eit stort areal (anslagsvis minst 30 daa) av tilbodsområdet gå tapt, noko som og ville innebære at potensielt viktige livsmiljø for artar ikkje berre blir forringa, men og kan gå tapt.

Når det gjeld NVE sitt innspel om å inkludere føresegner slik det er gjort i forskrift om vern av Dokkajuvet naturreservat i Nordre Land kommune viser Statsforvaltaren til Miljødirektoratets kommentarar i Miljødirektoratets tilråding til Klima- og miljødepartementet om *Verneplan for skog september 2024* side 53 (Finndalstveitjuvet i Fyresdal kommune i Telemark Fylke):

«Miljødirektoratet registrerer at NVE og regulanter i flere verneforslag den senere tid har vist til verneforskriften for Dokkajuvet, og bedt om at det tas inn tilsvarende bestemmelser for verneforslag som grenser til regulerte vassdrag. På generelt grunnlag vurderer Miljødirektoratet at disse bestemmelsene åpner for tiltak som kan forringe verneverdiene i bekkekløfter.»

Det som gjeld Dokkajuvet naturreservat er gjort etter ein konkret vurdering i sin tid, og er ikkje meint som nokon standardformulering for alle område som grensar til regulerte vassdrag. Ut frå NVE sin uttale ser vi ikkje at det er grunngeve noko ut over at vernet ikkje må vere til hinder for Skagerak Kraft AS sin drift, målingar mv.

Tilbodet omfattar ikkje vassdraget, og då er det etter Statsforvaltarens vurdering riktig å legge vernegrensa slik at den følgjer vasskanten. Når grensa ligg utanfor det regulerte vassdraget kan vi ikkje regulere kva som skjer av tiltak i det regulerte elveleiet. Statsforvaltaren meiner difor at det ikkje er relevant å ta inn det føreslegne unnataket om blant anna rydding av vegetasjon. Når det gjelder motorferdsel, så meiner Statsforvaltaren at det vil være mogleg (og kanskje også meir praktisk) å ta seg inn frå austsida av elva og Åmotdalsvegen i staden for å komme inn gjennom verneområdet.

Til innspel frå Landbruksdirektoratet vil Statsforvaltaren kommentere at vi ikkje kjenner til at det ligg støl/sæterområde innanfor verneforslaget, men at det er teke høgde for det og dei andre innspela i verneforskrifta.

I samband med uttala frå Forsvarsbygg har Statsforvalteren innarbeidd omsyn til Forsvarets aktivitetar i forskrifta for Storås, jf. § 6.

Namn

Statsforvalteren tilrår namnet Storås som i høyringsforslaget.

Avgrensing

Statsforvalteren tilrår avgrensinga som i høyringsforslaget.

Verneforskrift

Statsforvaltaren tilrår verneforskrifta med endringane som er gjort etter høyringa.

Statsforvalterens tilråding:

Statsforvaltaren tilrår at området blir verna som naturreservat med endringar i verneforskrift gjort etter høyring og vernekart i samsvar med høyringsforslaget.

Vedlegg:

Vedlegg 1. Forslag til vernekart for Storås i Seljord kommune

Vedlegg 2. Verneforskrift

Vedlegg 3. Høyringsfråsegner